

Uttaksreglement- MRGL 2022

Årsmøte i MRGL har vedteke fylgjande generelle kvalifiseringsopplegg for uttak til Noregsmeisterskap i Gjetarhund, og dette skal leggjast til grunn for uttak av Møre & Romsdal sitt årwise lag til NM i Gjetarhund.

Kvalifikasjonsopplegg NM i Gjetarhund for Møre & Romsdal:

- 6-8 prøver, der dei 4 beste er teljande i grunnlaget for utrekninga.
- Inntil 4 Landsprøver som uttak (der plass-sifferpoenga blir ganga med 2).
 - Årvis og endeleg aktivitetsplan, listar dei prøvane som omfatter kvalifiseringa, og dette vert endeleg vedteke av MRGL styret.
 - Merk; Uttaksprøvane skal vere klasse 3 med momenta deling/singling, og Fylkesmeisterskapet bør innehalde ei finale med momenta dobbelent/sortering.
 - Det vert krevd høg prøvestandard slik at fylket sendar dei beste til NM.
 - Geografisk fordeling av uttaksprøvane i fylket etter beste evne.
- Innbyrdes plassering på dei enkelte prøvene i fylket, og poengskala til Norgesserien vert til ein kvar tid nytta. Sanka poeng i norgesserieprøver med i uttaket, tel dobbelt i underlaget til berekninga.
 - Ved poenglikheit går den med beste plassering(ar) framom.
- Fylkesmeister er automatisk kvalifisert til gjeldande NM i Gjetarhund.
- Dommar på uttaksprøver/FM skal ikkje ha bostedsadresse i fylket.
- Ingen prøvehund som skal gå kvalifiseringsprøve til eit NM kan ha gått prøve på arenaen/bana før kvalifiseringsprøva vert arrangert, minimum 1-ei veke i førevegen.
- Dei beste frå denne kvalifiseringa (pluss to reserve) ihht NSG bestemt antal deltakarar frå fylket, dannar Møre & Romsdal sitt lag til Noregsmeisterskap i Gjetarhund.
- Endeleg vedteke årlege kvalifiseringsprøvar vert publisert på heimesida www.mrgl.no